



## Referat møte inndriving av renovasjonsgebyr 05.11.12

Følgjande var tilstades:

Janne Sund, Lindås kommune  
Tone Haugsvær, Masfjorden kommune  
Sveinung Kvamme, Radøy kommune  
Kjell Hjertås, Meland kommune  
Tor Lilledal Hansen, Kemner  
Henrik Kjøpstad, NGIR  
Erlend Kleiveland, NGIR  
Jorunn H. Pedersen, NGIR  
Frode Herland, Lindorff

På møte 02.10.12 vart det semje om at NGIR og dei involverte kommunane (dei som har felles skatteoppkrevjar) skal freista arbeida fram ei rutine som følgjer: Som i dag, men i staden for å senda begjæring om tvangssal, fakturerer kommunen kundane (hovudstol, salær og renter) til kundane. Ved manglande betaling vert krava overført til skatteoppkrevjaren for inndriving på same måte som andre kommunale krav.

I møtet vart det drøfta om det var lov å ta med salær når skatteoppkrevjaren skulle driva inn etter skattebetalingslova og ikkje inkassolova. Det vart lagt fram eit notat frå advokat Knut-Petter Hansen som konkluderte med at det ville vera lov, men gruppa var samd i at spørsmålet trong meir utgreiing og ein valte då å fortsetja drøftinga med føresetnad om at det ville vera lov.

Dei praktiske forholda kring fakturering av hovudstol, salær og renter og vidare overføring til skatteoppkrevjar vart drøfta. Tor Lilledal Hansen frå skatteoppkrevjaren kunne opplysa om at hovudstol, gebyr og renter måtte overførast frå kommunen som separate beløp for å kunna handsamast korrekt vidare. Det viste seg at dette ville ikkje alle faktureringssystema i kommunane takla då krava ved overføring til skatteoppkrevjaren skjer som eit samla beløp, og kan ikkje splittast på dei einskilde faktorane.

Det vart då drøfta kva ein skulle gjera med gebyra og rentene dersom ein ikkje kunne overføra dei til skatteoppkrevjaren. Det var semje om at desse gebyra i så fall måtte dekkast av NGIR og delast ut på alle kundane, men at det var urimeleg at dei som betalte rettidig måtte dekkja kostnadene til dei som ikkje betalte rettidig.

Konklusjonen til gruppa var at å gjera dei endringane ein såg føre seg på førre møte ikkje let seg gjennomføra i praksis og rutinane kommunane og NGIR har i dag vert vidareført slik dei er i dag. Det var semje om at prosessen hadde vore særst nyttig og at arbeidet som dei tilsette i kommunane gjer ved å vurdera krava grundig før evt. begjæring om tvangssal er viktig. Fokuset kring saka og prosessen ein har vore gjennom har ført til at rutinane har vorte betre og saker sendt til begjæring om tvangssal har vorte monaleg redusert i tråd med intensjonen til initiativtakar Einar Vatne.

Erlend Kleiveland  
*Referent*